

Skrytefilm med glimt frå fjellet

09.11.2013

Det er no laga ein omdømmefilm - eller skrytefilm om ein vil - for Sunnhordland av selskapet Zpirit og den opnar med glimt frå vår fjellverd - mellom anna Mannsvatnet,

Den vart lansert denne veka på Sunnhordlandtreffet i Oslo og fortentar høg karakter.. Samarbeidsrådet står bak produktet som mellom anna er å finna på nettutgaven av Kvinnheringen.

Målsettingen med det 6 minutt lange produktet er å auke interessa for å flytta til området og filmskaparane har på ein spennande måte klart å presentera dei mange kvalitetane her både som arbeidsstad og bustad.

Filmen opnar med spørsmålet 'Kvifor bur vi her?' og klarar på ein truverdig måte å besvara det.

Av Ola Matti Mathisen